

Program for Hå Sosialistisk Venstreparti 2023 - 2027

HÅ SV - EIT HÅ FOR ALLE

Hå SV står for ein politikk for dei mange. Me kjempar for rettferdig fordeling, inkludering og miljøet. Samfunnsoppgåver og kriser kan ikkje løysast kvar for seg, det heng saman og må løysast saman. Hå SV går til val for å påverke den politiske retninga mest mogleg. I neste periode vil me derfor samarbeida med dei som gjev oss best gjennomslag for vår politikk. Hå kommune har bak seg periodar med auka bustadbygging, fleire lokale arbeidsplassar og solid opprustning av servicetilbodet. SV ønskjer eit samarbeid som er med på å vidareføre, og vidareutvikle disse prosessane i kommande periode.

Alle skal ha fridom og tryggleik til å vere den de er og elske den de vil. SV vil kjempe mot all mobbing, rasisme og diskriminering. Herunder seksuelle orienteringer, kjønnsuttrykk og kjønnsidentitetar. I eit likestilt samfunn skal alle kunne leve opent ut sin identitet, kjærleik, seksualitet og kjønnsuttrykk. Regnbueflagget er i denne samanhengen ein naturleg måte å syne støtte til eit slikt samfunn.

Hå SV meiner at dei folkevalte må tørre å stå opp mot marknadskrefter og våge å peike ut ei felles retning for kommunen. Me treng ei endring i den politiske kursen om me skal skape eit meir inkluderande samfunn. Det er på tide at interessene og behovene til vanlige mennesker og naturen si tålegrensa kjem først, og ikkje enkle populistiske løysingar.

Styring av offentlig sektor skal byggjes på nærhet til folk, respekt for fagfolk og aktiv medbestemming for tilsette og innbyggjarar. I eit samarbeid vil SV ha sine hovedprioriteringer som kan uttrykkjast med tre ord: Velferd, trygghet og omfordeling

Skule-, barnehage- og kulturpolitikk (Opplæring og kultur)

Alle, uavhengig av bakgrunn, skal få moglegheit til å tileigna seg kunnskap og ferdigheiter gjennom heile livet. Teoretiske, praktiske og sosiale ferdigheiter skal bli verdsett like høyt. Arbeidet mot mobbing og diskriminering må stå sentralt på alle samfunnsarenaer.

Barnehagane skal ivareta barna sine behov for omsorg, leik og danning, gje barn like moglegheiter og utjamne sosiale forskjellar i barna sitt nærmiljø. Hå SV vil styrka kvaliteten i barnehagen og auke antal tilsette. Me må sikre oss at alle barn blir sett og får omsorg av tilsette dei kjenner. Ingen skal drive butikk på våre barn. Kvar krone til barnehagane skal gje kvalitet til det pedagogiske tilbudet og gode vilkår for dei tilsette.

Hå SV ønsker ein praktisk og variert skuledag med fysisk aktivitet, der skulen i mindre grad skal detaljstyrast av folkevalte. Elevane i Hå skulen gjer stadig tilbakemelding om låg motivasjon. Hå SV meiner at det er dei tilsette i skulen som kjenner forholda på skulen og elevane best. Eit barn forberedes ikkje på framtida gjennom å kunne ramse opp flest mogleg innlærte svar på kortast mogleg tid. Djupnelæring gjer elevane varig kunnskap og sørger for meir læring. Derfor meiner Hå SV at Hå skulen bør få tid og rom til dette. Satsinger bør kome i samråd med tillitsvalte og den enkelte skule og ikkje påtvungen frå oss folkevalte.

Kunst, idrett, frivilligheit og kultur er nødvendig for samfunnet og den enkelte. Desse sektorane fyller livet vårt med innhold og er sammen med den frie, redaktørstyrte pressen viktige grunnsteinar for demokratiet vårt. Det same er openheit og meiningsmangfold, med rom for ulike livssyn og religionar. SVs mål for kulturpolitikken er høg kvalitet, stort mangfold og tilgang for alle.

Hå SV vil arbeida for:

- Styrke fellesskulen og dei kommunale barnehagane i Hå, med mellom anna auka pedagogtettleik og styrke laget kring eleven/barnet og pedagogen med å tilsette fleire profesjons- og yrkesgrupper i barnehage og skule. Å styrke PPT vil vere ein prioritet.
- Vidare opprusting og oppgradering av skulebygg, da i første omgang Vigrestad barneskule og Varhaug ungdomskule.
- Legge til rette for forsøk med leksefri skule, eller at skulane kan bestemma dette sjølve.
- Å legge til rette for at alle skuler får elevkantiner, og at dette ikkje skal resultere i mindre vaksne i klasseromma. Gratis frukt til alle elevane i Hå kommune.
- Å fjerne kommunal kontantstøtte, og betre søskenrabatt i barnehage og SFO.
- Kulturskule for alle uavhengig av foreldra sin økonomiske situasjon.
- Fortsatt satsing og utvikling på de offentlige biblioteka og Hå gamle prestegard.
- Videreføre støtte til lag og organisasjonar, med fokus på breddeidrett og ulike kulturtiltak.
- Gode uformelle møteplassar for ungdom, initiativ frå ungdom må få raskt svar i kommunen.

Nærings-, miljø og bustadpolitikk (Tekniske saker og næring)

Det er ein menneskerett å ha eit trygt og godt sted å bu. Ein bustad skal være noko å bu i, ikkje noko å spekulera i. Hå SV ønsker ein sterk sosial bustadpolitikk. Naturen gjer oss ressursar me kan utnytte til næringsutvikling. Samtidig må denne aktiviteten, og transportløysingane me vel, ta omsyn til naturen si sårbarheit.

Me må produsera ein større del av vår eigen mat og stoppe nedbygginga av matjord. Hå kommune, som ein av dei viktigaste landbrukskommunane i landet, har både eit ansvar overfor framtidige håbuar, såvell som storsamfunnet, i å ta vare på viktig matjord. Derfor vil vern og arealnøytralitet vere utgangspunkt for Hå SV i møte med spørsmål kring nedbygging av landbruksjord og kulturlandskap. Me må bevare eit aktivt og berekraftig landbruk tilpassa natur- og ressursgrunnlaget i ulike delar av kommunen. Slik kan landbruket vere ei av drivkreftene i det grønne skiftet. Me treng fleire, ikkje færre bønder.

SV ønsker ein aktiv friluftslivspolitik der bevaring av viktige friluftslivsområder, tilrettelegging for alle og utvikling av attraktive aktivitetstilbud settes høyt.

Hå SV vil arbeida for:

- Ei satsing på tomter for einebustader i søre del av kommunen. Fortetting i sentrumsområda.
- Nok areal til næringsutvikling, men ta omsyn til jordvern. Vidareutvikla Kviamarka og satse på søre del av kommunen, som Skoga. Hå SV er mot utbygging av næringsområde på Skjæret.
- Satsing på Jærbanen. Dobbelspor frå Sandnes til Nærbø.
- Å tilrettelegge for lokalt reiseliv og turisme, på naturen sine premiss.
- Satsing på lokal innovasjon og nyskaping, slik som Hubben.
- Fortsatt satsing på sykkelveggar, trafikkisikring og gjennomføre nødvendig flaumsikring.
- Belysning på uteområder og stiar som blir brukt aktivt.
- Eit sterkt vern av dyrka mark og kulturlandskapet. Ved nedbygging må det ein ha arealnøytralitet.
- Vidareutvikling og bygging av eit samlande sambrukshus på Nærbø.
- Godt samarbeid med nabokommunar i relevante områder og saker.
- Opprusting av sentrumsområda og vidare arbeid med sentrumsplanane for tettstadane.
- Fremja bygging av kommunale utleigebustader for ungdom i etableringsfasen.
- Eit pilotprosjekt for alternative, naturnære buformer der ein kan leva meir miljøvennleg og ha eit sosialt fellesskap.
- At kommunen har fokus på lokal og etisk handel.

- At kommunen skal føra eit karbonregnskap og ha ein bevisst klima-, natur- og miljøpolitikk.

Helse- og sosialpolitikk (Helse og sosial)

Eldre mennesker skal ha det godt i Hå kommune. For at eldre skal få bu i eigen heim og meistre kvardagen sjølv så lenge som mogleg, treng dei tilrettelagte bustadar, transportmoglegheiter og gode offentlege heimetenester. Alle bør få reell innflytelse på kvifor nokre tenester dei skal få.

Barnevernet er ein naturleg viktig brikke i å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, og det er derfor viktig at det blir lagt til rette for at barneverntenesta kan gjere eit best mogleg arbeid.

Funksjonshemming oppstår først og fremst gjennom samfunnsskapt barrierar. SVs politikk skal bygge ned slike funksjonshemmande barrierar. Alle med funksjonsvariasjon skal vere trygge på at fellesskapet stiller opp. Dette gjeld også familier som skal få eller har eit barn med funksjonsvariasjon. Sterke fellesskap reduserer forskjeller og bidreg til betre samfunn og levekår for den enkelte. Velferdstenester skal dekke grunnleggjande behov og vere tilgjengelege der folk bur. Fellesskapsløsningar er ein fornuftig, rettferdig og effektiv måte å organisera tenester på.

Med eldrebølgja, som kjem i åra framover, er det viktig å ta i bruk alle ressursar i samfunnet. Blant dei eldre sjølv ligg det store ressursar, og det vil derfor bli viktig å legge til rette for at de eldre sjølv kan bidra til eit inkluderande og variert tilbud for si aldersgruppe.

Hå SV vil arbeida for:

- Bedre tilpassing av helse- og sosialpolitikken til den enkeltes behov med spesiell vekt på psykisk helse og rus. Vidareutvikling av psykiatrisatsinga på Varhaug.
- Full drift i nybygget på sjukeheimen på Nærbø ved behov.
- Å styrkja omsorga som har basis i heimen. Dei som ikkje har behov for sjukeheimplass skal få lagt til rette for dagleg hjelp til omsorg og pleie heime. Gratis tryggleiksalarm til dei med behov.
- Å legge til rette for at unge skal kunne kome inn på bustadmarknaden, gjennom å auka pott til etableringslån i Husbanken og forsøk med leige til eige i samarbeid med lokale aktørar.
- Styrka tilgang på skulehelseteneste for alle elevar og andre helsetilbud til barn og unge.
- Å sikre universell utforming i samfunnet.
- Ei styrking av frivillighetssentralen og andre frivillige initiativ.
- Å sikre gode tilbud og tenester til personar med behov for tilrettelegging.
- God tilgang til gjeldsrådgjeving om ein treng det.
- Ei vidareutvikling av møteplass av og for eldre, i tett samarbeid med frivilligheita.

Arbeidsgjevpolitik

Hå SV arbeidar for små lønnsforskjellar og eit arbeidsliv med rettigheter og påverknadskraft til tilsette. Eit organisert arbeidsliv med sterke fagforeningar, faglege rettar og tariffavtaler er avgjerande for å jamne ut maktforholda i arbeidslivet. Hovedregelen i arbeidslivet må vere heile og faste stillinger for å sikre forutsigbarheit og moglegheit til å leva trygge og gode liv. Utan fast jobb er det vanskelegare å planlegge framtida, få seg bustad og det krev meir å seie frå om urettferd på jobben. Eit godt arbeidsmiljø er nøkelen til eit arbeidsliv med plass til alle.

Velferd skal tene mennesker, ikkje marknader. Derfor må alle moglegheiter for å ta profit ut av velferden blir stansa. Når private skal tene pengar på velferd går det ut over arbeidsvilkår, løn og pensjon for de tilsette.

Hå SV vil arbeida for:

- Effektiv kommunal drift, mot privatisering og konkurranseutsetting av kommunale tenester.
- Etablere ein heiltidskultur der kommunen fortrinnsvis lyser ut heile, faste stillingar.
- Auke grunnbemanninga innan helse og opplæring.
- Godt faglegpolitisk og tverrfagleg samarbeid med tillitsvalte.
- At kommunen vektleg bedriftar som har tariffavtaler og lærlingar i anbudsprosessar.
- Fleire lærlingeplassar. Sørga for at rettleiar har kompetansen og tida dei treng.
- Styrke gjennomføringsevna i den kommunale likestillingspolitikken.
- Ressursar skal følgje auka ansvar. Flytting av ansvar skal ikkje brukast til å skjule reelle kutt.
- Å vidareutvilka forsøk med offentleg vikarbank.